

Kyrjeklokka

Nr 3 - 2015

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

79. årgang

Kyrkjevalet 2015
Bruk stemmeretten din!
Du er då med å bestemme.

Første- klassenes



Les meir på side 16 og 20

Utover hausten skjer det mykje for born, ungdom og småbarnsforeldre
sjå side 5, 10, 16, 20, 23 og 24

Minnetavle avduka på Utvik kyrkjegard



Side 7



Side 4, 11 - 14

Saman om skatten Velkomen til festhelg i Indre Nordfjord!

12.-13. september

★Familiefest i kulturhuset kl 14.30-16.30

Roscherhuset - En spennende av en fyr, som driver med alt som er bra, fiske og skog.

(Det vert kaker og brensel)

★Ungdomssamling kl 18-21 (Betania)

Svenskar med stil - Rikens Gussi en Norges største verksteds-Sveinlar med S&L...

★Festgudsteneste i Olden kyrkje kl 11



side 23

Ein fin sommar i Nordfjord

av Mario Liavåg

vikarprest i Indre og Ytre Nordfjord
sommaren 2015

Inn i det nye og ukjente. Sola strålar, og Selje-sanden kastar seg rundt stadig nye tær. Varmen, lufta, den blikkstilte sjøen... Om det ikkje freistar å hoppe uti det kalde vatnet, er det vertfall eit vakkert syn.

Ja, tastaturet renn nesten bort i all sydenvarmen i dag, ein varme som sluker i seg alle gråværsminner i eit jafs, og eg har bak meg ni lærerike veker med vikarteneste i indre og ytre Nordfjord.

Vi er midt inne i treeiningstida i kyrkja, men må vel innrømme at å halde styr på kvar vi er i kyrkjeåret ikkje akkurat er det som opptek oss mest om dagen?

Noko nytt og ukjent ventar oss – der det grøne og fylldige leikent dansar seg inn i det gule og oransje. Eit nytt barnehageår, sommerfuglar i magen før fyrste skuledag. Kyrkjeval, kommuneval, fylkestingval. Attsyn med gamle kolleger, kvardag og rutine? Spennning og nye oppdagingar? Nye bekjentskap, kanskje...

Inn i det nye ber vi med oss ulike forventningar - blanda med minner og opplevingar. Frå sommaren som var eller lengre tilbake i tid. Gleder og sorger. Smerte og varme. Noko som var, men

ikkje lenger er. Sandsekkar fulle av bekymring. Eller spennning, nysgjerrigheit og framtidshåp.

Sjølv ber eg med meg mange, gode sommerminner inn i hausten. Eg kjenner på audmjukskap og takksemd over alle dei flotte menneska eg har fått lov til å møte gjennom tenesta i Hornindal, Stryn, Loen, Olden, Selje og Stadtlandet. Møter som gir livet meining. Takk!

Livet byr på mange gleder! Men livet rommer jammen meg også nok av utfordringar. I perioder kjennest dagar som sommerfuglar som sviv muntert av sted og spreier varme og godt humør. Andre gonger slår bølgene inn over meg og vekk grunnen eg står på.

Uansett korleis livet behandlar oss, kva vi ber med oss i bagasjen, eller kva som møter oss der framme, skal vi få lov til å hente styrkje i at vi er forankra i Guds kjærleik. Vår verdi er forankra i noko utanfor oss sjølve; i at vi er skapt, elska og ønska av den som Er og Ser. Av den som puster liv i våre kroppar og inviterer til dans midt i Den treeinige guds fellesskap.

Eit dansens fellesskap som rommer både deg og meg - der kjønn, alder, legning, bakgrunn og funksjonsnivå ikkje spelar noko rolle. I Guds auge er vi alle fargerike og verdifulle dansepartnarar.

Vi står framfor noko nytt. Kanskje noko tungt? Kanskje

noko leikent? Eller begge deler. Det viktigste er at vi møter det saman. Vi møter det ukjente i fellesskap med Gud og med kvarandre. I Den treeinige guds fellesskap som omsluttar oss med sin omsorg og sin kjærleik - i den kjærleik som bærer.

Måtte vi ønske kvarandre ein velsigna haust!

Takk for i sommar



Kyrkjekaffi for å feire Henny som prest

~ Tekst og foto Hege Heggheim Ulvedal ~

Gratulasjonskake til Henny



F.v. Henny Koppen, Jon Ytrehorn og Mari Saltkjel

I samband med midnattsmessa ved midtsommar i Nordsida kyrkje, vart det arrangert kyrkjekaffi før gudstenesta. Her vart det markert kor takksame vi er for at Henny Koppen har tatt presteutdanning og at ho no er ordinert og skal virke som prostiprest i Indre Nordfjord. Med ynskje om Guds signing over tenesta og livet gleder vi oss over å få følge Henny gjennom gudstenestene ho skal ha kring om i kyrkjene våre. Ho vil møte menneske i alle livets fasar, born som skal døypast og deira foreldre, born knytt til trusopplæringa i kyrkjelydane, ungdomar og konfirantar, vaksne og eldre. Ho vil møte oss i glede og i sorg. Ho er ein kreativ person som nok kan tilføre kyrkja og kyrkjelydane mykje godt gjennom alle livets fasar og møteplassar. Kva tenesta blir fylt med vil tida vise, men vi er sikre på at ho blir ikkje arbeidsledig!



Lykke til med å forkynne evangeliet, Henny!

Og så oppfordrar vi, slik sokneprest Mari Saltkjel sa det: "Ta Henny og tenesta hennar med i bønene dykkar." Frå Kyrkjelokka legg vi til at vi godt kan legge alle dei kyrkjeleg tilsette inn i bønene våre. Forbøn er også ei viktig teneste i kyrkjelydane våre!

Midnattsmesse i Nordsida kyrkje

"Midnattsmesse for å markere sommarsolhverv? Det er då altfor seint for gudsteneste!" tenkte mange. Så feil kan ein ta! Frå fyrste stund var stemninga i kyrkjerommet nærmast magisk. Ei frå kyrkjelyden sa det slik: "Det er den mektigaste midsommaropplevinga eg nokon gong har hatt! Berre så synd så få frå kyrkjelyden kom. Dette var ei mektig oppleving som fleire skulle fått med seg!" Og kyrkjegjengaren hadde heilt rett; det var altfor få som kom for å delta på gudstenesta denne kvelden. Kanskje var "reklamen" på førehand for dårlig, kanskje trudde folk at det var for seint

på kvelden, det er ikkje godt å vite. At mange skulle på arbeid dagen etter spelte nok inn. Kanskje ein neste gang kan legge ei slik gudsteneste til ein laurdagskveld i staden for ein søndagskveld. Dette er ting sokneråd og dei tilsette må vurdere. Det var nok mange som kom litt småtrøytte til gudstenesta, men som var fylt av energi og glede då vi gjekk heim.

Frostskoddekoret og Stryn blandakor og dirigent Henny Koppen slo an tonen og ga kyrkjelyden eit bad av fleirstemt song. Songane varierte frå norske og svenske tonar som priste sommaren og skaparen, kveldssongar som sette stemninga for sommarnatta og afrikanske rytmer

fulle av liv og glede. Sjeldan har vi gått til nattverd i følge med rytmer som gir deg lyst til å danse. Kanskje livligare songar som understrekar glede ved det ein har fått ved nattverdbordet med fordel kunne brukast oftare i kyrkjene våre?

Sokneprest Mari Saltkjel leste tekstar frå Bibelen og hadde ein kort tekstmeditasjon. Organist Oddvar Bergset spelte til nokre salmar og til liturgien. Med bruk av orgel, piano og fleirstemt song vart det ein god kveld i Nordsida kyrkje i årets kortaste natt. Og vi kan berre seie, slik soknepresten oppsummerte det, TAKK!

Frostskoddekoret og Stryn blandakor



Vemund Øiestad

nominert som nr 9 til Bjørgvin bispedømeråd ved kyrkjevalet 2015

Vemund Øiestad, vår kandidat i Indre Nordfjord til bispedømerådet, fortel om kyrkjevalet 2015 og at det er eit viktig val for demokratiet i kyrkja.

Måndag 14. september er det ikkje berre politiske lokalval, men også 2 viktige val til kyrkjelege råd. Det er val både til dei lokale sokneråda og til bispedømerådet. Medlemmer som blir valde til bispedømerådet er samstundes utsendingar til kyrkjemøtet som er kyrkja sitt "storting".

I Bjørgvin er det berre nominasjonskomiteen som stiller liste ved valet til bispedømerådet. Slik er det også i Stavanger, men i dei 9 andre bispedøma stiller organisasjonen Åpen folkekirke eigne lister. I Bjørgvin valde Åpen folkekirke å ikkje ha eiga liste, men i staden tilrå å kumulere 3 kandidatar på nominasjonskomiteen si liste. Eg står på denne lista som den einaste frå Sogn og Fjordane som også er medlem i Åpen folkekirke.

Åpen folkekirke har vedteke eige program som de finn på aapenfolkekirke.org. Det som har vore mykje framme i media er at vi støttar at det blir laga liturgi for vigsel av likekjønna, og dette ser vi på som ei symbolsak på at kyrkja er open for alle.

Kyrkja er ikkje lenger statskyrkje, og det har vore nemnt mange gonger at kyrkjevalet i år er eit av dei viktigaste som har vore. Det er svært mange viktige saker som skal avgjerast i komande periode då lausrivinga frå staten skal fullførast.



For meg er det mellom anna viktig at vi beheld soknet som grunneininga i kyrkja. Å slå saman eller legge ned sokn vil eg ikkje vere med på utan at det skulle vere eit ynskje frå sokna sjølve. Vi kjenner til at ei kommunereform er på gong, og det blir ei utfordring for kyrkja med nye fellesrådsgrenser og finansieringa av den lokale kyrkja.

I dag har tilsette i kyrkja 2 ulike arbeidsgjevarar. Prestane er tilsette av bispedømerådet og dei andre tilsette har fellesrådet som arbeidsgjevar. Dette fører til at biskopen både har arbeidsgjevaransvar og tilsynsansvar for prestane. Eg vil gå inn for at alle tilsette i kyrkja med tida får fellesrådet som arbeidsgjevar.

I dette bladet finn de presentasjon av alle nominerte som

har svart på diverse spørsmål, og der vil ein sjå at kandidatane har ulike svar på mange av spørsmåla. I Bjørgvin og nokre få andre bispedøma skal det berre veljast 4 av 7 leke medlemmer ved denne direkte valomgongen. Seinare i haust skal sokneråda velje dei 3 andre ved såkalla indirekte val. Ved valet har ein berre høve til å kumulere 3 kandidatar. I staden for å stille eiga liste tilrår Åpen folkekirke i Bjørgvin at ein set kryss framfor kandidat nr 2,3 og 9.

Det vil vere ein styrke for demokratiet i kyrkja at mange røystar ved valet.

Ut frå den enkelte veljar sin eigen ståstad kan det vere vanskeleg å vite kven ein skal røyste på, men kandidatpresentasjonen kan vere til hjelp.

Kyrkja er eit trusfellesskap og ikkje eit meningsfellesskap. Derfor ynskjer Åpen folkekirke ei folkekyrkje der ALLE kan kjenne seg heime og det skal vere plass til både konservative og liberale. Det einaste kriteriet for medlemskap og deltaking er dåpen.

Godt val !

For meg er det mellom anna viktig at vi beheld soknet som grunneininga i kyrkja.



Kyrkjelokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjelokka.no

Redaktør for dette nummeret er:

Knut Sigurd Gald

post@kyrkjelokka.no

Forretningsfører/abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik

6788 Olden. Tlf 990 28 076

john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054

Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig.

Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf. 57 87 41 23

Mobil 911 84 241

Sokneprest Harald Runde

Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12

Privat 57 87 41 15

runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12

Mobil 948 32 875

Sokneprest Knut Gjengedal

knut.gjengedal@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33

Mobil 908 83 948

Sokneprest Mari Saltkjel

sokneprest@hornindal.kommune.no

Kyrkjeverjer

Stryn kommune

Børre Lian

Tlf. 57 87 48 11

Mobil 913 27 882

borre.lian@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg

Tlf. 57 87 98 34

Mobil 970 84 120

Måndag og torsdag kl. 09 - 13

anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Temakveld for småbarnsforeldre

Onsdag 23.september kl. 19.30 i Betania

TEMAKVELD FOR SMÅBARNSFØRELDRE

Onsdag 23.september kl. 19.30 på Betania

Å vere par og familie i ein småbarnsfase, byr på både gleder og utfordringar. Kvardagen er travel, og ein har ofte underskot på søvn, energi og tid. Korleis kan vi som par i ein småbarnsfase ha det best mogleg ilag? Terapeutar frå familiekontoret underviser, og vi trur dette blir ein kveld verd å skaffe barnevakt for! **Velkommen!**

Eit samarbeid mellom helsestasjonen, kyrkja og familiekontoret

Overgangen frå kjærestepar til foreldre, er stor. Det blir mindre tid for seg sjølv, og mindre tid til parforholdet. Det er lett å miste fokus i ein krevjande kvardag, særleg når ein ofte har underskot på søvn, energi og tid.

Å vere par og familie i ein småbarnsfase, byr på både gleder og utfordringar. Kvardagen er travel, og som einskildpersonar er vi ulike, med våre særligne erfaringar og kommunikasjonsdugleikar. Kva forventningar har vi til korleis vi skal ha det ilag i denne fasen av livet? Korleis kan parforholdet

vere best mogleg medan vi har små barn?

Med dette som bakgrunn, har kyrkja, helsestasjonen og familiekontoret samarbeida om ein temakveld for småbarnsforeldre i Indre Nordfjord. Terapeutar frå familiekontoret underviser, og vi trur dette blir ein kveld verd å skaffe barnevakt for! Ingen må utlevere seg i plenum, du kan få vere heilt anonym!

Hjarteleg velkommen!



Eit av redaktøren sitt favoritt dikt er "Den annsame" av Jan-Magnus Bruheim (1914-1988), han var fødd i Skjåk i Gudbrandsdalen. Der budde han stort sett heile sitt liv med unntak av 7 år i det nedlagde skulehuset i Botnane i Bremanger kommune.

Når kvardagen vert eit ork for deg, borna og familien, kan dette diktet være noko å ta fram, lese igjennom og fundere på. Det kan være at "gleda som spring etter deg på vegen kan nå deg igjen!" Oddny under open himmel på side 17, tar føre seg "Stillheit". Kanskje det er ein samanheng? Og kanskje er "Barnas bøn" sett frå barnet si side noko å tenkje over?

Barnas bøn

Kjære mor og far!

Ikkje skjemm meg bort. Eg veit godt at eg ikkje skal ha alt eg ber om. Eg berre testar dokke.

Ikkje ver redde for å vere bestemte med meg. Eg føretrekkje det. Det får meg til å føle meg trygg.

Ikkje la meg utvikle dårlege vanar. Eg har berre dokke å stole på for å stoppe meg.

Ikkje få meg til å føle meg mindre enn eg er. Det får meg berre til å ville gjere meg større enn eg er. Ikkje heng meg ut framføre andre. Eg tenkjer mykje meir over kva dokke seier, viss dokke snakkar roleg til meg heime.

Ikkje få meg til å føle at feila eg gjer, er store synder.

Det forvirrar det verdibilete eg skal byggje opp inni meg.

Ikkje beskytt meg frå konsekvensar. Eg treng av og til å lære gjennom smertefulle erfaringar.

Ikkje ta det altfor alvorlig når eg seier "Eg hatar deg".

Det er ikkje deg eg hatar, men den makta du har til å setje grense for meg.

Ikkje tenk at det er under di verdigheit å si unnskyld til meg. Ei ærleg unnskyldning gjer at eg føler varme og ømheit for deg.

Ikkje skjenn og mas. Viss du gjer det, må eg beskytte meg ved å late som om eg ikkje høyrer.

Ikkje prøv å late som om du aldri gjer feil. Det vil gje meg eit altfor stort sjokk den dagen eg oppdagar at det ikkje stemmer.

Ikkje sei at det berre er tull når eg er redd. Det eg er redd for, er verkeleg for meg. Du hjelper meg mykje betre ved å prøve å forstå.

Ikkje ver rask med fagre løfter.

Eg vert veldig skuffa når du ikkje greier å halde dei.

Ikkje set altfor store krav til min ærlegdom. Det er lett å skremme meg til løgner.

Ikkje vær skiftande og inkonsekvent, det forvirrar meg veldig.

Ikkje sei at du ikkje er glad i meg, sjølv om eg av og til kan gjere stygge ting. Ikkje gløym at eg veks fort.

Det er sikkert veldig vanskeleg for deg å halde følgje med meg... men vær snill å prøve så godt du kan.

Ukjend



Den annsame

Han har ikkje stund til å stogge og ikkje tid til å sjå.

Menneske som han møter, dei ansar han aldri på.

Mangt har han å rekkje over.

Det gjeld um å fara fort.

Mykje var det å gjera.

Det auka dess meir han fekk gjort.

Så lid det til endes med dagen.

Han står der, studd over stav og spør: Kva har livet gjeve og kvar har det vorte av?

Slik jaga han gjennom livet utan å få det fatt.

Ei glede sprang etter på vegen men nådde han aldri att.

Jan-Magnus Bruheim

Minnetavle avduka på Utvik kyrkjegard

For nokre år sidan fekk Bergljot Nyberg Sølvberg idèen om å lage ei minnetavle over personar frå Fjelli som var gravlagde ved Utvik kyrkje i åra 1900 - 1987. Opplysningar om gravlagde i Innvik prestegjeld i åra 1750 - 1899 finn vi i "Kirkebok for presten" for Innvik prestegjeld og eiga bok for Stryn prestegjeld frå 1844 då dei vart oppretta som eige prestegjeld. Avskrift og redigering stod søstrene Alvhild Kvamme Ørjasæter og Selma Kvame for i 4 bøker som Sogegruppa i Oldedalen Bondekvinnelag gav ut.

År om anna vert gamle graver sletta og minnesteinane vert fjerna. Då er det flott å likevel finne opplysningar over gravlagde på denne måten. Fram til 1965 då nye kommune- og soknegrenser vart vedteke av Stortinget, hørde Nordsida til Innvik kommune og Innvik prestegjeld. Fjelli hørde til Utvik kyrkje. Det var her dei fleste Fjellarar vart gravlagde før vi fekk eiga kyrkje og gravplass på Nordsida tidleg på 1970-talet.

Bergljot har hatt god hjelp av Elisabeth Rosenlid, Hallvard Almenning og mannen Bodvar. Jon Slettenes kom med materiale til råma, som Magne Sølvberg i Utvik laga. Bygdas Vel, Fjelli og Stryn kommune hjalp til med finansiering og Fluor-Lux i Stryn produserte tavla.

Utvik sokneråd stod som arrangør av ein flott avdukingsseremoni. M.a. serverte dei etter avdukinga kaffi og kaker på kafeen. Dette vart sett stor pris på. Og ved ei slik handling var det naturleg å få besøk av Fjellarane i den gamle kyrkjebåten "Rols". Nils Sølvberg var styrmann for 13 kvinner og menn som rodde. Bergljot skreiv denne avdukingstala som Bodvar heldt.

Kvifor lage ei minnetavle?

Det er vel mange grunnar til at eg ønskte det. Både besten, besta, far og mor er gravlagde her, og den som har stått attmed ei opa grav og sett sine næraste bli senka ned der, gløymmer ikkje det så lett. Dessutan kjende eg dei aller fleste frå Fjelli som kviler her, så når eg gjekk rundt her og las namna på gravsteinane, vekte det mange minner. Og når eg hadde yngre folk med, og såg kor gla dei vart over å finne namna på besteforeldre og andre slektningar på gravsteinane,

så tenkte eg; Nei, dette må ikkje kome heilt bort.

Hausten 2011 skreiv vi til Statsarkivet i Bergen etter liste over gravlagde ifrå Fjelli på Utvik kyrkjegard, frå 1900 til 1970, og fekk attende opplysning om korleis vi kunne finne det på nettet. Men på den lista var det 806 namn, så det vart eit krevjande arbeid å sortere ut Fjellarane ifrå dei andre bygdene. Men takka vere hjelp frå Elisabeth Rosenlid som hugsar så godt, og kjenner så mykje folk, ikkje berre frå vår bygd, men og frå heile prestegjel-

det, så gjekk det godt til slutt.

Men vi fekk problem vi ikkje trudde vi greidde å løyse. I 1906 var det to dødsfall på rad, og begge med Fjellkårstad til etternamn. Marte O. Fjellkårstad visste vi kven var, men Bendik R. Fjellkårstad kjende vi ikkje noko til. Det har aldri vore nokon Bendik på Fjellkårstad, sa Elisabeth, dette må eg heim og finne ut av. To dagar etter ringde ho. No har eg funne svaret. Her har presten gjort ein feil. Bendik var frå Olden, men flytte til Tistam. Ho fortalde og om

kvar han budde. På den tid hende det at presten ikkje kunne vere tilstade på gravferdsdagen. Naboane grov opp grava, senka kista og grov att på. Då sette dei eit "greftarør" ned på kista, slik at når presten var der neste "preikesøndag", så gjekk dei til grava etter gudstenesta og presten ausa tre skuffer jord i "greftarøret" etter ritualet; Av jord, til jord og

*F.v: Sokneprest Harald Runde, Bodvar Sølvberg og kyrkjeverje Børre Lian.
Foto: Håkon Olav Skaar*



MINNETAVLE

GRAVLAGDE FRÅ FJELLI - UTVIK KYRKJEGARD 1900-1987

	FØDD	DØD		FØDD	DØD		FØDD	DØD		FØDD	DØD
KRISTEN JEVLID	1862	— 1900	OLAV L. SOLVBERG	1890	— 1918	OLINE J. ROSENLI	1850	— 1932	RAKEL O. BERGSET	1877	— 1953
ANDERS E. SOLVBERG	1879	— 1900	INGEBORG A. BERGSET	1895	— 1918	BENT J. FJELLKÅRSTAD	1852	— 1933	ANNE M. NYBERG	1860	— 1954
RASMUS I GALT	1813	— 1901	PEDER A. BERGSET	1901	— 1918	BRITA B. FJELLKÅRSTAD	1877	— 1933	LARS O. BERGSET	1875	— 1956
OLAV L. BERGSET	1901	— 1901	LARS A. BERGSET	1890	— 1918	REIDAR B. FJELLKÅRSTAD	1933	— 1933	ANNA O. NØS	1895	— 1956
MARTE K. FJELLKÅRSTAD	1831	— 1902	OLINE J. BERGSET	1840	— 1919	MARTA A. JEVLID	1847	— 1934	NILS M. SOLVBERG	1886	— 1957
KARI L. SOLVBERG	1850	— 1905	BENT E. SOLVBERG	1874	— 1919	OLINE A. SOLVBERG	1848	— 1934	BERNT A. ULVEDAL	1876	— 1958
KARI B. KOLSET SOLVBERG	1888	— 1906	BRITTE E. NØS	1836	— 1919	RASMUS I. GALT	1877	— 1934	INGEBORG O. BERGSET	1859	— 1958
MARTE O. FJELLKÅRSTAD	1845	— 1906	SYNNØVE R. ULVEDAL GALT	1845	— 1920	KRISTEN M. BERGSET	1843	— 1936	ANNE A. ULVEDAL GALT	1887	— 1958
ISAK R. GALT	1841	— 1906	ANNE V. SOLVBERG	1889	— 1920	PERNILLE A. SOLVBERG	1848	— 1936	ABRAHAM V. BERGSET	1878	— 1959
GJERTRUD A. GALT	1818	— 1906	OLE K. JEVLID	1840	— 1920	BRITTE A. BERGSET	1886	— 1936	KRISTIANNA O. BENTSEN	1878	— 1960
ANNE O. GALT	1833	— 1906	JON O. BERGSET	1835	— 1920	ANDERS M. BERGSET	1862	— 1937	MARTE M. SOLVBERG	1892	— 1961
MARTE J. FJELLKÅRSTAD	1838	— 1906	BENT K. GALT	1849	— 1921	BRITA B. FJELLKÅRSTAD	1934	— 1937	KARI O. JEVLID	1884	— 1961
LARS M. ROSENLI	1850	— 1907	ERIK B. SOLVBERG	1842	— 1923	JAKOB A. FJELLKÅRSTAD	1880	— 1938	MATIAS A. SOLVBERG	1884	— 1961
THORA I. SÆTRE	1818	— 1907	MATIAS J. SOLVBERG	1921	— 1923	JOHANN A. BERGSET	1852	— 1938	STEFFEN I. STØVE	1872	— 1961
OSKAR S. STØVE	1899	— 1908	MARTA A. SOLVBERG	1881	— 1923	BAARN A. BERGSET	1866	— 1940	OLIVER SOLVBERG	1886	— 1963
PEDER O. FJELLKÅRSTAD	1833	— 1909	SIGRID J. SOLVBERG	1863	— 1923	MARTE M. FELDE	1856	— 1940	ANNA A. SKÅR	1872	— 1963
AGNETE D. SOLVBERG	1819	— 1909	LARS L. BERGSET	1869	— 1924	LARS A. SOLVBERG	1888	— 1940	MARIA SOLVBERG	1890	— 1963
AGNETE P. SOLVBERG	1823	— 1910	BENT O. BERGSET	1884	— 1926	ANNE O. STØVE	1889	— 1941	OLAV O. FJELLKÅRSTAD	1903	— 1964
ANDERS M. SOLVBERG	1859	— 1910	ANNE L. BERGSET	1841	— 1926	ISAK A. SOLVBERG	1857	— 1941	PEDER O. FJELLKÅRSTAD	1888	— 1964
INGVALD S. SOLVBERG STØVE	1894	— 1911	ANDERS J. FJELLKÅRSTAD	1934	— 1926	RASMUS H. NYBERG	1875	— 1944	ANDERS M. SOLVBERG	1898	— 1965
ABRAHAM V. BERGSET	1842	— 1912	STEFFEN S. STØVE	1904	— 1927	ANDERS O. SOLVBERG	1866	— 1945	OLA A. ULVEDAL GALT	1882	— 1965
RASMUS J. SOLVBERG	1820	— 1913	BRITA K. GALT	1870	— 1927	VILHELM A. BERGSET	1866	— 1945	HENNING A. FJELLKÅRSTAD	1955	— 1965
OLE M. NØS	1867	— 1913	ANDRINE O. FJELLKÅRSTAD	1839	— 1927	ELI A. BERGSET	1868	— 1946	MATIAS J. SOLVBERG	1925	— 1965
OLINE K. JEVLID	1836	— 1912	MALENE A. SOLVBERG	1841	— 1927	NILS A. SOLVBERG	1868	— 1946	KARI A. FJELLKÅRSTAD	1876	— 1965
MALENE N. BERGSET	1834	— 1912	RASMUS J. FJELLKÅRSTAD	1874	— 1928	ANDERS ARVE O. SOLVBERG	1869	— 1946	ANDREAS K. BERGSET	1871	— 1966
ANDRINE N. GALT	1849	— 1912	MARGRETE J. FJELLKÅRSTAD	1879	— 1928	PERNILLE R. BERGSET	1857	— 1947	MATIAS ROSENLI	1885	— 1966
OLA M. ROSENLI	1914	— 1915	ARNE L. BERGSET	1864	— 1928	MARI M. LILLEJORD	1946	— 1947	BENJAMIN O. JEVLID	1884	— 1967
ANDERS N. SOLVBERG	1853	— 1916	ELI N. SOLVBERG	1851	— 1929	ELI AGNES O. STØVE	1866	— 1949	NIKOLINE SOLVBERG	1885	— 1967
ANDERS N. SOLVBERG	1895	— 1916	IVAR J. FELDE	1859	— 1930	MARTA N. FJELLKÅRSTAD	1964	— 1950	ANNE JEVLID	1884	— 1967
MATIAS K. LILLEJORD	1916	— 1916	OLE L. BERGSET	1844	— 1930	OLA P. FJELLKÅRSTAD	1860	— 1950	ANDERS J. SOLVBERG	1886	— 1969
LIDVIN M. SOLVBERG	1854	— 1916	OLA M. ROSENLI	1915	— 1930	KRISTIANNE P. SOLVBERG	1949	— 1950	PAULINE BERGSET	1883	— 1969
JOHANN R. GALT	1854	— 1916	KORNELIUS O. FJELLKÅRSTAD	1899	— 1930	HERDIS A. FJELLKÅRSTAD	1863	— 1950	ELIAS BENTSEN	1887	— 1971
MARIE A. FJELLKÅRSTAD	1882	— 1916	OLINE O. BERGSET	1891	— 1930	HELENE L. FELDALSBAKKE	1858	— 1951	ANNA FJELLKÅRSTAD	1892	— 1973
LARS A. BERGSET	1834	— 1917	KJARTAN A. SOLVBERG	1926	— 1931	KRISTOFFER N. LILLEJORD	1880	— 1951	SOFIE-AMALIE NYBERG	1889	— 1977
SYNNØVE L. BERGSET	1849	— 1917	ANNE O. NØS	1865	— 1931	ELISABET O. ROSENLI	1873	— 1952	SAMULINA SOLVBERG	1886	— 1981
MATIAS R. NYBERG	1896	— 1918	MATIAS N. SOLVBERG	1859	— 1932	MATIAS P. SKÅR			KAROLINA SOLVBERG	1902	— 1987
ELI A. GALT	1848	— 1918									

I JESU NAMN ME STEMNA FRAM TIL HIMMELHAMN
NÅR HAN ER MED, ME FARA I GUDS FRED

Elias Blis

Foto: Håkon Olav Skaar

av jorda skal du atter stå opp. Denne søndagen var det to greftarør, og når det skulle først i kyrkjeboka, så vart det skrive Fjellkårstad på begge etternamna. Men kva etternamn Bendik skulle hatt, det har vi ikkje funne ut.

Vi søkte Utvik sokneråd om løyve til å sette opp ei minnetavle og dei var positive, men viste til fellesrådet for Stryn. Hausten 2013 søkte vi Stryn kyrkjelege fellesråd om løyve, men av ymse årsaker gjekk det lenge før det kom svar. Vi søkte likevel Stryn kom-

mune om tilskot, og fekk lovnad om 3 000 kroner, dersom vi fekk godkjent tavla.

Vi arbeidde vidare i tru på at det skulle lukkast, og fekk mykje velvilleg hjelp. Fluor-lux tok på seg å produsere tavla i aluminium. Hallvard Almenning tok på seg å skrive og printe ut ei prøveutgåve og så var det korrekturlesing og nye utgåver til gjennomlesing. Han laga også ei prøveutgåve i full storleik, som vart fotografert på den staden ved kyrkjegar-

dsmuren der vi meinte høvde best.

Bilete vart levert til Kyrkjevevja for at fellesrådet skulle vurdere plasseringa. Etterpå stod modellen på Coopenlemmen på Fjelli nokre veker, for at fjellarane kunne sjå etter eventuelle feil i namn eller årstal.

Hallvard har gjort ein stor og kjærkommen jobb og var like blid, om nokon fann ut at eit namn var skrive annleis i Kyrkjeboka enn på gravsteinen. Etter at alt var retta, så fann han også ei "fil" som passa til datamaskina hos Fluor-Lux. Dermed kunne dei, uskjøneleg for oss, koble minnepennen til si maskin og produsere tavla i rett utgåve. Heilt utrueleg. Stor takk til Hallvard.

Så skulle det lagast råme. Vi ville gjerne bruke eik. Kven hadde tørr eikematerial? Då ringde Jon Slette-nes, han hadde eik i rette dimensjon. Hogge ved Sjøvegen frå Sølvberg der kyrkjefolket gjekk i førre hundreår, i både sorg og glede. De kan få det de har bruk for. Det skal være mitt bidrag. Tusen takk Jon.

Kven skal lage råma? Vi spør "Magne i Vikjene", det blir kortreist produksjon. Magne sa ja, uten å stusse. Det er vi veldig glade for. Snart får de



Kyrkjebåten frå Sølvberg på Nordsida "Rols" med mannskap Foto: Håkon Olav Skaar

sjå resultatet. Tusen takk for kreativitet og flott arbeid. Takk og til Bygdas vel på Fjelli for velvilleg økonomisk støtte.

Vi ønskjer kvarandre til lukke med dagen.

Bergljot hadde også tenkt å seie litt om kyrkjeferd for Nordsidarane før i tida. Då det byrja regne, vart ikkje det noko av. Men Kyrkjelokka tar likevel med det ho tenkte å seie litt om:

Men eg har lyst å seia litt om kyrkjeferdene til Utvik både ifrå gamle dagar og i mi tid, det tek til å verta gamle dagar det og.

Det står i boka til Ola Bergset, sitat: *Kirken står i bondens tanker på et høyt sted og for seg selv, skriv Bjørnstjerne Bjørnson. Kyrkja vår stod ikkje på nokon høg stad, men berre eit lite stykke frå sjøen i Utvik. Kyrkjevegen vart nok lang for folket på Nordsida. Men så sant det var råd å ta ut for skuld veret, kom det båt etter båt frå Nordsida til Utvik kvar preikesøndag. Så var det då likevel sant at kyrkja stod "på et høit sted" i tankane til folket i fjellbygda.* Sitat slutt.

Når det gjaldt gravferder som vi snakka mest om i dag, så vart dei døde frakta ned gjennom berget med hest og slede både sommar og vinter. Det var Galdsberget, Kårstadberget

og Sølvbergsberget som var køyrannde. Bergset-berget var for bratt. Dei bar kista ifrå heimen og til køyringsvegen, og for kvar heim dei for forbi stogga dei og song ein salme. Det var ein eller to karar frå grenda som styrte songen. Når dei hadde køyrt kista til sjøen var det med kyrkjebåtane over fjorden. Det vart òg sunge ein song før dei fór frå land, sjå nederst på minnetavla.

Vi veit at i 1916 vart ein ung gut, Matias Lillejord som døde 21 år gamal, køyrt med hest og slede til sjøen. Men to år etter då 4 stk frå Bergset og 1 frå Sølvberg døde i spanskesykja, då var nok nyevegen komen så langt at dei kunne køyra til Blakset. Men så seint som i 1941, då isen låg så tjukk på fjorden at båtar ikkje kunne koma fram, vart Isak Sølvberg køyrd med hest og slede ned berget og over fjorden på isen på den siste ferda si til Utvik.

På vanlege preikesøndagar hadde eg inntrykk av at det helst var karane som reiste til kyrkje. I frå vår heim var det Besten som reiste. Og eg hugsar at vi borna venta så på at han skulle kome att. For då hadde han vore ut te ne Bakar-Ane og kjøpt kringler og sukkersteinar som han sa. Og det var farga drops, som vi fekk smake.

Vi borna fekk berre vere med når det var konfirmasjon og i Påskehelga. Og då fekk vi overnatte i Utvik. Grunnen var at måndag etter konfirmasjon var det Nattverdsgudsteneste og då skulle konfirmantar og foreldre og andre møte opp. I den tida hadde ikkje borna lov å gå til alters før dei var konfirmerte. Og i påskehelga var det ofte Påskemøte, då og fekk vi borna vere med. Då var det møter i kyrkja både 1. og 2. påskedag, så då og fekk vi overnatte, og det var stort. Det var hjå slektningar og kjenningar fjellane overnatta med.

Men det var ikkje alltid kyrkjegongen opplevdes som positiv for den oppveksande slekt. Ei kvinne frå Fjelli fortel om då ho som barn/ung tenåring skulle til kyrkje. Ho måtte hjelpe foreldra heime på garden. Først måtte ho ta morgonstellet med å mjølke kyr som gjekk på beite. Så var det heim å bytte om og stelle seg og kanskje få seg litt mat. For så å gå til Sølvberg og ned berget for å være med ein båt over til Utvik og kyrkja. Etterpå var det å ta på heimveg med same opplegget. Når ein endeleg var heime, var det å kome seg i beite for å ta kveldsstellet med mjølking. Det er ikkje vanskeleg å forstå slitet og plikta ein hadde.

Bergljot Nyberg Sølvberg

I år er det 70 år sia desse stod som konfirmantar i Innvik prestegjeld. No i september er dei, som enno lever, invitert til konfirmasjonsjubileum



Bak f.v: Vigleik Bergset, Norvald Frøytun, Wilhelm Hage, Magne Høgalmen, sokneprest Roe, Oddvin Skåden, Bjarne Hagen, Ola Årøen, Herleif Hammar. Framme f.v: Arne Frøyset, Eirik Solvang, Bergljot Nyberg, Haldis Berglid, Ragnhild Sølvberg, Else Myklebust, Eldbjørg Berge, Marta Moldrheim, Arne Drageset, Lars Hilde.

«Saman om skatten»- Sjørøvarfest for 4 åringane

Med «Saman om skatten» som tema for trusopplæring i Indre Nordfjord kom ideen om ein sjørøvarfest for 4 åringar.

Det vert ulike aktivitetar som skattejakt, innandørs fiske, drama, song - og møte med ein sjørøvar. Ein sjørøvar som ikkje får det heilt til. Han har nemlig aldri funne ein einaste skatt!

Kanskje kan 4 åringane hjelpe han å finne ein skikkeleg skatt?
Ein skatt som ikkje berre består av gullpengar, men også av skattar for livet! Alle born som er født i 2011 og som er døpt vil få ein invitasjon i posten med meir info iløpet av september.

Ta kontakt om ditt barn ikkje får brev. Iløpet av hausten vert det også meir tradisjonell 4 år-samling med haustakkegudstene med utdeling av 4-årsbok.



Vi gler oss!

Det vert to sjørøvarfester i Indre Nordfjord.

Ein i Randabygd 5.10 og ein i Utvik 6.10.

(Det er haustferie og dei fleste barnehagane har stengt desse dagane)

Babysong i Stryn

Alle med babyar i kommunen er hjarteleg velkomne

vi starter opp igjen

torsdag, 3. september kl 10.30

med samling i Betania, Stryn sentrum

Dei fyrste leveåra i eit barns liv er svært viktige. Song, musikk, rytme og rørsle etter musikk har til alle tider vore foreldre sitt store kontaktpunkt med borna sine. Kven har ikkje opplevd at besteforeldre, foreldre og sysken har sunge kveldssongar, voggviser og barnesongar for ein då ein var liten?

Babysong i Stryn har vi hatt sidan vinteren 2009/2010, og Stryn babysong vil vere ein plass for å lære og å friske opp att denne songskatten saman med borna dine, ein møtestad kor vi kan *høre og gjøre, være og lære, synge og sanse, gynte og danse.*

Etter babysongen er det tilbod til å bli igjen for ein prat rundt ein kaffikopp på Betania.

Kyrkjelydspedagog Janet Rudolph ynskjer både store og små hjarteleg velkomen på babysong





Valpresentasjon
frå valrådet i
Bjørgvin bispedøme

Kyrkjevalet 2015

Kven vil du skal styre i kyrkja?

Du er med på å bestemma kven som skal sitja i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting» i perioden 2015 - 2019.

Bli kjent med kandidatane:

- Kven er dei? • Kva erfaring har dei?
- Kvifor stiller dei til val? • Kva meiner dei?

**Kort presentasjon på dei neste sidene -
fyldig presentasjon på kyrkjevalet.no/bjorgvin**

Dei nominerte til Bjørgvin

Det er ein nominasjonskomite som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med ein medlem frå kvart prosti. Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemmene i nominasjonskomiteen. Komiteen har lagt vekt på at begge kjønn skal vere representerte med minst 40 prosent og at lista skal innehalde minst 20 prosent kandidatar under 30 år. Det er vidare lagt vekt på å at ein skal representere ei breidde i kandidatane sine syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål.



1. Inger Helene Thingvold Nordeide

54 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Medlem og leiar Bjørgvin bispedømeråd, søndagsskulelærar, gudstenesteutval, kyrkjeblad, helse- og sosialutval i kommunen, styre folkehøgskule.

Eg stiller til val fordi eg ønskjer å være med å påverke i dei vala kyrkja skal gjere etter skillet frå staten.



2. Nora Sætre Baartvedt

20 år. Student, Fyllingsdalen videregående skole. Voss, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar av Ungdomsrådet i Bjørgvin, medl. klokkekarlaget i Voss, delegat Ungdommens kirkemøte 13 og UKM-delegat til Kyrkjemøtet 14.

Eg stiller til val fordi det er viktig for meg at kyrkja, i denne tida med endring, er til stades i samfunnet og bidreg med positive verdiar. Samstundes er det viktig at me framleis opprettheld dei tradisjonar og retningslinjer som me sjølve kjenner oss att i. Eg vil gjerne være med å koma fram til noko som sikrar ei god framtid for kyrkja vår.



3. Karl Johan Kirkebø

65 år. Markedsdirektør. Bønes, Fana prosti.

Erfaring: Medlem og leiar i menighetsråd, Stiftelsen Bønes interimkirke, menighets-

blad, medlem fellesråd og medlem/leiar prostiråd. President i lokal Lions club.

Eg stiller til val fordi eg har eit brennande engasjement for kyrkja og for det den kan bety for kvar enkelt og for lokalsamfunnet. Eg er uroleg for utviklinga i kyrkja og er redd for at kyrkja er i ferd med å bli meir og meir konform, med blir lågare takhøgde og høgre tersklar. Viktig å ta tak i bl.a. finansiering no når kyrkja blir meir sjølvstyrt. Med min bakgrunn frå økonomi og strategi og mitt engasjement som kyrkjemedlem, trur eg at eg kan medverka.



4. Andreas Skeidsvoll

23 år. Student, Universitetet i Bergen. Osterøy, Åsane prosti.

Erfaring: Sokneråd. Eittåring i kyrkja. Student-KRIK, kor , ungdomsforeining og kyrkjelydsarbeid.

Eg stiller til val fordi eg ønskjer å bidra med tankar og idear om korleis kyrkja kan løysa dei store utfordringane den står overfor i tida framover. Eg ønskjer å være ei ung røst i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, og eg håper at mi erfaring frå fleire kristne ungdoms- og studentmiljø kan vera med på å gi eit nytt perspektiv på sakene som vert tatt opp i desse organa.



5. Berit Nøst Dale

63 år. Høgskolelektor NLA/ Lærerhøgskolen. Meland, Nordhordland prosti.

Erfaring: Medlem i Bjørgvin bispedømeråd, medlem og nestleiar i sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er blitt beden om det, kanskje fordi eg har erfaring frå bispedømeråd og kyrkjemøtet siste periode. Som lek kyrkje-gjengar i eigen kyrkjelyd ser eg det som positivt at folk på grunnplanen er med og avgjer kvar kyrkja skal gå vidare i den nye situasjonen som kyrkjesamfunn heller enn statskyrkje.



6. Marius Økland

29 år. Adm. leiar, Normisjon reg. Sogn og Fjordane. Bremnes, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Konfirmantlærar. Styre- og leiarverv i Indremisjonssamskipnaden og Normisjon. Søndagsskulelærar.

Eg stiller til val fordi eg er motivert til å jobbe for at kyrkja skal vere relevant i barn og unge sitt liv. Dette må vi halde varmt på alle nivå i kyrkja. I trua på Jesus er vi kalla til eit livslangt disippelskap – og kyrkja må møte barnefamiliane, ungdommane og dei unge vaksne sine behov for kristent fellesskap på ein måte som er relevant for dei.



7. Liv R. Ågotnes

48 år. TSP Group Manager and System Administrator. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Leiar for personal- og serviceavd. ved Bjørgvin bispedømekontor. Kyrkjevevje, leiar kyrkjelydsutval, medlem sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er glad i kyrkja og voner eg kan gjere nytte for meg med min kompetanse innan personal, organisasjon breid erfaring innanfor ulike arbeidslag i kyrkja.



8. Ida Lindøe

47 år. Lektor, Kvam ungdomsskule. Ålvik, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd og medlem fellesråd og trusopplæringsutval. Medlem og leiar Emmaus (no Kyrkjeleg dialogssenter Bergen). Studentmenigheten i Bergen. Medlem kvinneutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi fordi eg håpar å kunna bidra med mi erfaring og kompetanse frå kyrkjeleg arbeid i meir enn 25 år. Bakgrunnen min som religionsvitar er også relevant. Eg har eit stort ønske om at så mange som mogeleg skal få oppleve Den norske kyrkja som ein god stad å komme til og få bu i. Låg terskel, inkludering i fokus. Være ein god arbeidsgjever. Kyrkja må både klare å tilpasse seg slik kvardag og helg er for folk flest i dag, samstundes som den skal ta vare på tradisjonar både frå kyrkjelivet i Noreg og hente inspirasjon frå den verdensvide kyrkja gjennom historien.



9. Vemund Øiestad

66 år. Tannlege i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Norsida sokn, Nordfjord prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Leiar fellesråd og prostiråd. Varamedlem Etisk råd i Den norske tannlegeforening.

bispedømeråd 2015 - 19

Eg stiller til val fordi eg er oppteken av utviklinga i kyrkja. Med bakgrunn både frå sokneråd og fellesråd i 18 år, har eg ein god del kunnskap og erfaring som vil vere viktig å ta med seg i dei utfordringar kyrkja står overfor dei næraste åra.



10. Per Hilleren

56 år. Bonde, Stedje, Sogn prosti.

Erfaring: Leiarverv regionale styre i landbruk og landbrukssamvirke. Styreleiar Lyngmo Ungdomssenter. Sokneråd og prostiråd.

Eg stiller til val fordi eg ynskjer å vere med å bidra til å styrkje den norske kyrkja sin posisjon.



11. Inge Wilhelm Økland

26 år. Barne- og ungdomsarb. i Indremisjonsforb. Sandviken, Bergen domprosti.

Erfaring: Varamedlem ungdomsrådet i Bjørgvin. Konfirmantleiar.

Eg stiller til val fordi det er ei veldig spennande tid kyrkja er inne i no, og val gjort i neste periode kan få store konsekvensar for framtida til kyrkja. Eg trur det kan være positivt med nokon ungdomar i bispedømerådet.



12. Hildegunn Kalvenes

67 år. Pensjonert helsesøster. Austevoll, Fana prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Helsesøster. Meddommar Heradsretten.

Eg stiller til val fordi eg ser på kyrkja som ei stor misjonsmark. Viktig at det er klar forkyning til omvendning og frelse. Ynskjer å vera med å fremje at kyrkja står på Guds ord.



13. Bjørn Sandvik Sølsnæs

20 år. Student. Leikanger, Sogn prosti.

Erfaring: Verv i Fylkesstyremedlem i Senter-ungdomen Sogn og Fjordane, Leiar i Senter-

ungdomen Midtre Sogn, Leiar i Leikanger Bondelag, Leiar i Leikanger Mållag.

Eg stiller til val fordi eg er reflektert og engasjert. Eg er glad i og kjenner meg heime i kyrkja, og vil gjerne bruka engasjementet mitt på å forvalta henne vidare. Me lever i ei spennande tid og står føre store endringar. Eg er løysingsorientert og trur eg kan bidra positivt og konstruktivt i dei prosessane som kjem.



14. Kjellfrid Torunn Mæland

63 år. Førsteamanuensis i pedagogikk ved HSH. Stord, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Medlem i sokneråd og kyrkjeakademi.

Eg stiller til val fordi eg har fått eit konkret spørsmål frå den lokale kyrkjelyden. Eg ser det meningsfylt og spennande å delta i kyrkjeleg utviklingsarbeid i ei tid med store endringar, og der både nasjonale og internasjonale perspektiv høyrer med.



15. Gunn Ragnhild Vårdal Helgesen

59 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Selje, Nordfjord prosti.

Erfaring: Ordførar, Varaordførar, Leiar i Nordfjordrådet, Leiar i hovudutval for skule og barnehage i Selje.

Eg stiller til val fordi eg er spurt om å stille som kandidat, og eg har eit ynskje om å delta.



16. Kjell Jarle Aadland

66 år. Rådgiver. Os, Fana prosti.

Erfaring: Os Y's men klubb president, Y's men Region Norge kasserer.

Eg stiller til val fordi eg vil vera ein representant for mangfaldet.



17. Jostein Bildøy

49 år. Dagleg leiar. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Mentor/teneste i trusopplæring, foredragshaldar. Fylkessekretær KFr.

Søndagsskulekonsulent. Styremedlem European Lutheran Sunday School Association.

Eg stiller til val fordi eg vil vere ein medspelar i arbeidet med å styrke og vidareutvikle trusopplæring for barn, familie og kyrkjelyd. Eg vil arbeide for Den norske kyrkja som ein proaktiv og dynamisk kyrkjeleg organisasjon som lokalt og nasjonalt motiverer som konkret trussamfunn og folkekyrkje. Eg vil vere ein medspelar i arbeidet med dialog mellom trus- og livssynsamfunn for kjennskap, tryggleik og respekt.



Supplerande kandidat: Egil Morland

65 år. Førsteamanuensis. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkerådet, Fagleg-etisk utval i Menneskeverd. Varaordførar.

Eg stiller til val fordi dei siste åra og dei komande er svært viktige for kyrkja si framtid, både når det gjeld ordningar og profil. Det vil ikkje vera rett å «hoppa av» no, med den erfaringa eg har frå desse prosessane. Eg har no hatt 1 1/2 periode i Bispedømerådet, og er for tida også vald medlem av Kyrkerådet.



Supplerande kandidat: Marte Seip

69 år. Pensjonert lækjar. Eidfjord sokn, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Kirkens Nødhjelp i Sør-Sudan og Pakistan. Sokneråd og fellesråd. Speidarleiar. Medlem av diakoniutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi kyrkja ligg meg på hjarta. Vi er no inne i ein viktig organisasjonsoppbyggingsfase. Eg er oppteken av at strukturar på alle plan må tene det lokale arbeidet. Spesielt meiner eg at eg kan representere små kommunar og prosti med mange sokn og kommunar.

Supplerande kandidatar kom inn etter nominasjonen med minst 75 underskrivarar kvar bak seg. Alder på kandidatane er alder på valdagen 14. september.

Les meir om
kandidatane på
kyrkja.no/bjorgvin



Bli betre kjent med kandidatane

Les meir om kandidatane på nettet: kyrkja.no/bjorgvin, eller i brosjyre du får på ditt lokale kyrkjekontor.

Der kan du lesa kandidatane sine svar på desse spørsmåla:

1 | Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

2

Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer den evangelisk-lutherske folkekyrkja som:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

3

Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

4

Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

5

Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Kyrkjevalet 2015 - kort sagt

- 13. – 14. september er det kyrkjeval i tillegg til kommune- og fylkestingsval. Dei fleste stader er valet berre den 14. september
- Alle medlemmer av Den norske kyrkja har røysterett frå det året dei fyller 15.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Kandidatane blir valde for fire år.
- I august vil alle med røysterett få eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «Storting». Kyrkjemøtet har ei veldig viktig rolle i å styra kyrkja no som den er i ferd med å bli sjølvstendig i høve til staten.
- Di røyst i det direkte valet er med på bestemma dei fire første kandidatane som skal inn i bispedømerådet. Resten av dei sju leke representantane blir valde av sokneråda seinare.
- I tillegg vel prestane ein kandidat og andre kyrkjeleg tilsette ein kandidat. Begge desse gruppene har egne kandidatlistar. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet, som har 10 medlemmer.

Du kan påverka

Nominasjonskomiteen sine kandidatar er sette opp på vallista i prioritert rekkefølge. Eventuelle kandidatar frå supplerande nominasjon står nedst på lista utan nummer. Rekkefølga har berre noko å seie dersom to kandidatar får likt tal røyster. Kvar kryss du set framfor ein kandidat, kan difor ha mykje å seia.

Slik går du fram når du skal velja kandidatar

A | Du kan levere røystesetelen utan endringar.
- Alle kandidatane på røystesetelen får då ei røyst kvar.

B

Vil du endre på røystesetelen, kan du gje inntil tre kandidatar ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten.

- Kandidaten får då to røyster.
- Andre kandidatar får ei røyst kvar.
- Andre endringar vil ikkje telje med.
- Det er ikkje høve til å stryka kandidatar.



Skapinga: Universet

Vi var ute og gjekk vår vanlege tur, Tomas og eg, (Jan). Og eg var den som først tok ordet. Vi hadde tidlegare snakka om at det kunne vere fint med eit emne på kvar tur. Vil du så tek vi føre oss universet, for eg har tenkt ein del på dette i det siste.

Vi var alt komne godt i gang med praten, og merka ikkje at det var noken bak oss før ei lys, ung damestemme sa: - Hei, det er svært så pratende de er. Emnet dykkar høyrst så spennande ut at eg har lyst til å slå følgje med dykk. Dette er slikt som eg og er opptatt av no. De skjønar, eg studerar på ein høgskule nærmare byen. Er det OK at eg slår følgje? Eg heiter Anna.

Vi syntest det ville vere kjekt med selskap. Dessutan var vi og litt "nyfikne" på kva dei unge tenkte om slike ting. Som du kanskje høyrde e så var det litt av eit tema vi drøfta. Det uendelege universet, eller for å seie det på ein annan måte – er der ein ende?

Vi er nok ikkje dei første som har grubla på dette. For meg tok det til ein stjerneklår kveld då eit mylder av stjerner var viselege. No hadde slike tankar oppteke meg lenge, meir eller mindre. Men den kvelden vart heilt spesiell.

Men har du ei meining Anna?
- Ja, som eg sa, eg og har mine tankar. Og eg har lese, og sett litt om universet på TV. Det er utruleg kor langt menneska er komne no. Teleskop på høge fjell, i klår luft så ein kan sjå mange tusen, kanskje millionar av lysår

borte. Vi fekk sjå kolosale krefter i aksjon, stjerner av ein ufatteleg størrelse, og ei energimengde vi ikkje kan forstå. Og dei "sorte hull", der ingen ting kjem ut att. Eg kan ikkje gjengi i detaljar, men trur kanskje det i hovudsak er slik som det vart framstilt. Eg kan kanskje seie, eit univers med full kontroll i "nærområdet", men lengst ute i vill uorden, - men og kontrollert? Er det mogleg å sei det slik? Og held skapinga på endå i det yste rom? Er skapinga ein prosess som går vidare ut, og der jorda vår no er passande "kald", har ein temperatur så det kan bli liv her?
- Kanskje, men kvar er Gud i alt dette? Korleis tok alt til?

Då vil eg sitere Ivar Aasen: "Nei, vesle Vitet det rekk ikkje til. Ei Tru maa stydja upp under". Eg kan ikkje anna. Det må vere noke større enn det største vi ser. For min del kan eg ikkje tenkje meg universet utan ein skapar. Men må likevel innrømme at det og kjem tvil. Tek med litt meir av Aasen: "Ein stad må vel ein ende vera, men kva er så utanfor enden då?" Men, ei trøyst er at vi treng ikkje å forstå så mykje. Likevel er det fasinerande å sjå inn i alt dette.

- Det er kjekt at også de unge – eller iallfall noken av dykk er så audmjuke for alt dette store. Men du trur og at Gud skapte alt? At han er allmechtig? Det gjer iallfall vi. Gud er den fullkomne intelligens, - den fullkomne i alt. Men korleis det gjekk til kan vi ikkje vite med vår forstand. Eg for min del tenkjer som så att då "jorda vår"

var klar for liv, så planta Gud livet på kloden, slik at det kunne utvikle seg vidare. Han la på ein måte ned grunnpartikkelen, den som er programmert slik at det danna grunnen for plantevekst, dyreliv osv. Og i si tid menneska, og at Gud heile tida hadde kontroll, og skapte som han ville. Vi veit korleis Bibelen framstiller det, men skal vi take det bokstaveleg med 6 dagar?

Der står og at tusen år er som ein dag for Gud. Vi må godta at det er ulike meiningar om dette og. Vår forstand er avgrensa. Somme trur ikkje der er ein Gud, alt er ei utvikling gjennom milliardar av år. Og det oppstod av "ingen ting", og heilt tilfeldig. Andre går til den andre ytterkant: Bibelen si skaparhistorie om seks dagar kan ikkje diskutertast. Og eg får ofte inntrykk av at dei ser på vitenskapen som ei motsetning til trua. Men er ikkje trongen til forskning (og dermed vitenskapen) nedlagt i oss frå skapinga av? Er ikkje sann vitenskap stadfesting på Gud's storleik?

Så prata vi lenge om litt av kvart, og eg kom inn på tanken om å skrive litt om slike ting som vi har samtala om på turane våre. Og slikt som dukkar opp i livet, - på livsvegen.
- Då vart ho ivrig: Ja, det må du absolutt gjere! Lat det kome fram korleis vanlege folk er, - og kva tankar dei gjer seg. Ja, for de er vel såkalla vanlege folk de to og?

Det måtte vi innrømme at vi var, vi har ikkje så mykje skule noken av oss, men vi har gått

Forts. side 17.....



Min salme

~ Oddvar Bergset ~

Herre, til deg får jeg komme

Takk til Odd Nygård for utfordringa. Den er eg glad for sjølv om omgrepet «min salme» gjev lite meining fordi eg har så mange av dei. I jobben som organist oppdagar eg ofte nye salmeperler, og nye sider ved dei «gamle». Gjennom ulike salmar kan eg uttrykke mange kjensler og sinnsstemningar, og eg blir freista til følgande omskriving av ei kjend Orheim-strofe: «Som dagen så er min salme.»

Salmeboka er inndelt i tema. Eit av desse har overskrifta «Tryggleik og glede». Her finn vi 23 salmar som på enkelt og jordnært vis beskriv Guds godleik og omsorg. Dei gjev hjelp til å lyfte blikket og sjå at Herren er god, fordi det er Han som ber oss; og slett ikkje omvendt.

Nr. 497 har tittelen: «Herre, til deg får jeg komme..» Innbydingsorda frå nattverdliturgien: «Kom, for alt er ferdig», kunne vore overskrift til denne salmen. Her møter vi ein open famn som har rom for alt det vi er, har og ber på. Salmeteksten vender seg direkte til Herren. Den fungerer som ei bøn, ei lovprising eller tilbeding, og endar med denne takkseinga: «Men mest er eg glad at de løfter du gav, gjør meg trygg på at du har meg kjær.» (Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss... 1. Joh. 4.10)

Tekst og melodi er av svensken Christer Hultgren og Vidar Kristensen har oversett til bokmål.

Herre, til deg får jeg komme
Herre, til deg får jeg komme,
stille meg åpen for deg.
Jeg kan ikke skjule det minste,
du kjenner hver tanke i meg.
Men enda du vet
om min skrøpelighet,
får jeg likevel komme som jeg er.
All din tale er sann,
og den gjør at jeg kan
være trygg på at du har meg kjær.

Herre, til deg kan jeg bringe
alt det som tynger min sjel.
Du vil ta byrdene fra meg,
ja, du vil bære dem selv.
Min skyld tok du med
på ditt kors da du led
for at jeg skulle leve og ha fred.
Å, jeg ber at du må
gi meg kraft til å gå
der hvor du, Herre, gir meg beskjed.

Herre, til deg får jeg komme
når mine dager er slutt.
Tenk, da skal jeg bo i din himmel
med alle som tror på deg, Gud.
Så trygt å få tro
at bønnenes bro
skal vise meg veien dit du er.
Men mest er jeg glad
at de løfter du gav
gjør meg trygg på at du har meg kjær.

T: Christer Hultgren

O: Vidar Kristensen

Eg utfordrar Jon Selmer Skiftesvik til å skrive om «Min salme» i neste nummer.

Førsteklasses klubb

Førsteklasses-gudstenesta i august er ein del av eit større opplegg. I etterkant av skulestartgudstenesta inviterer vi seksåringane til Førsteklasses-klubb! Klubben har to samlingar, ei i september, og ei på vinteren 2016. På Førsteklasses-klubb skal vi høyre om noko spennande som skjedde då Jesus

traff blinde Bartimeus. Vi skal også synge både gamle og nye songar, bake bollar, utforske kyrkja, måle med fargar, leike



og gjere mykje anna kjekt ilag. Om du er bestemor eller bestefar og likevel skal vere barnevakt desse dagane; bli med på Førsteklasses-klubb! Påmel-

dingsinformasjon er sendt ut til alle seksåringar. Vi håpar å sjå mange heilt førsteklasses seksåringar på klubb!

Datoane for Førsteklasses-klubb i september, er: 2.september kl. 10.00 i Nordsida kyrkje, 9.september kl. 10.00 i Innvik kyrkje og 9. september kl. 10.00 i Hornindal kyrkje.

Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Stillheit

Støy frå trafikk, grasklippar, trimmar, traktorar m.m omgår oss i kvardag og helg, særleg om sommaren. Meir enn ein gong har eg søkt til fjells for å finne ro og kvild på søndagar. Eg forstår godt turistar som søker avsidesliggjande stadar for å feriere.

Turar i fjellet, bort frå allfarvegen, ei kvild på fjelltoppen, eller ved vatnet, elva eller på eit svaberg ved fjorden der bølgene skvamlar i fin rytme, det gjev kvild og nye krefter. Er du heldig, så har du også eit "kryp inn" som du kan søkje ly i.

Tida sitt jag og larm gjer oss urolege og slitne. "Kvar generasjon er trøttare enn den førre", stod det i avisa her ein dag. Aukande rop om stillheit lyder i våre dagar meir enn før.

Stillheita er ei kraftkjelde. Musikaren Joseph Haydn var ein gong i lag med mange musikarar. I samtalen kom dei inn på korleis dei henta styrke når arbeidet gjorde dei trøtte og lite opplagde. Då kom Haydn med ei overraskande uttale. Han fortalde: "Vi har eit lite kapell på egedomen min, og når eg blir trøtt, trekkjer eg meg tilbake dit for å be til Gud".

I Salme 62.4 står det: "Ver stille

for Gud, mi sjel! Frå han kjem mi von." I Salmane si bok finn vi uttrykk for mange livssituasjonar. I Salme 131.2 står det: "Eg har fått mi sjel til å vere still og roleg som eit lite barn hjå mor si, når det har stilt sin tørste". Kan du finne noko som gjev meir uttrykk for stillheit

*Kjem du der
hen at du treng
ekstra stillheit og
kvild, så trekk deg til-
bake før det er for
seint.*

og kvile enn eit sovande barn?

I Klagesongane 3.26 står det: "Det er godt å vere stille for Herren og vente på hjelp frå Han".

Ikkje mange av oss har eit kapell, men alle kan vi rydde oss ein stad som vi innvier til stillheit.

Stillheita må lærast, og den må prioriterast. Moder Teresa sa det

slik: "Stillheita si frukt er bøn. Bøna si frukt er tru. Trua si frukt er kjærleik. Kjørleiken si frukt er teneste".

I den nye liturgien for gudstenesta er der kome inn eit nytt, fint ledd: "Lat oss vere stille for Gud"! I to - tre minutt kan vi legge fram for Gud ønske, eller berre vere opne og lyttande.

Når vi blir stille, blir det rom for å lytte til naturen, til Gud, til oss sjølve og dei vi er glade i. Sansane vil bli opna. Du får kvild og ny styrke.

Kjem du der hen at du treng ekstra stillheit og kvild, så trekk deg tilbake før det er for seint. Fleire stadar i landet er det bygt retreatstadar. Mange har funne fred og hjelp der.

Dette var nokre tankar om stillheit i glede, men vi har også stillheit i sorg. Tankar om det får kome seinare.

....forts. frå side 15

"livsens skule". Vi er trass alt ikkje ungdomar lenger. Det med skriving skal eg tenke på. I så fall vert det i ei kortare form, og så får lesaren tenke vidare. Det spør berre om det kjem lenger enn til harddisken på PC'en.

Så skildest vi, og takka for ein gjevande tur. Ho lova å kome igjen neste gong. "Ja, eg er alt byrja å glede meg, det var godt å vere saman med dykk. Ha det fint, og tenk vidare på temaet vårt".

Då eg kom heim, og fått kvile litt, sette eg meg ved datama-

skina. Men tankane svirra rundt og rundt. Alt var i eit virvar. Ja, liksom det ho fortalde om bileta frå det "yste rom". Men etter kvart såg eg ein "tråd" i det, den store samanhengen, som dei berande trådane i ein stor kunstvev.

Bøn om hausten

Hausten er her. Mørkret kjem tidlegare kvar kveld. Av og til kan det opplevast som om at mørkret rundt oss, i verda, kyrkja og i det personlege livet, kjem tettare.

Gud, hjelp oss å bevare sommarens lys i oss. Hjelp oss til å ta vare på lyspunkt og lysbærarar rundt oss. Lat oss leva gjennom dei og av dei.

Gud, du som let Jesus seie:

”Gå så lenge de har lyset, så ikkje mørkret skal falla på dykk. Den som går i mørkret, veit ikkje kvar han kjem av”, hjelp oss til å ha Jesus som vårt indre lys.

Han som sa ”Som lys er eg komen til verda, så ingen som trur på meg, skal bli verande i mørkret.”

Lat oss få del av det lyset.

Lat oss vere ein del av det.

Gud,

hjelp oss, slik at vi kan innsjå

at vår tillit til Deg, livet og kvarandre ikkje veks når vi ruser gjennom livet.

At tillit handler om at vi lærer oss å vente.

Lær oss å lytte til vår djupaste lengsel etter nærleik og varme.

Lat lys lyse for alle utsatte og heimlause, sjuke og einsame,

fattige og undertrykte, alle som lider på grunn av krig og katastrofar.

Takk for at du, i Jesus, alltid møter oss som vårt og alle menneskes sanne lys.

Amen



Sakn - sorg - trøyst



Som fuglefløyt

Når eg er burte
skal eg koma til deg
som fuglefløyt
gjennom stille skogar.

I den milde brisen
som stryk deg
lint over håret
og fløyelsmjuk legg seg
imot di kinn
som strøk av usynlege,
varme hender.

Når dagen din
dimmest og grånar
og alt tykkjest meiningslaust,
vil eg vera i solstrålen
som bryt gjennom tunge skyer.

Når du går der åleine,
skal eg koma til deg
i viddesusen frå fjellet
i båreglitret
skjelvande over sjøen.

I nordljosnetter
og når du går under
djupblåe stjernehimlar,
skal eg vera hjå deg.

Når du går nedtyngd.
Når hjarta ditt
jublar av frygd.
I alt skal eg vera deg nær.

Du skal ikkje veta
at det er eg,
når du ser på den
doggskire blomen -
Medan du smiler
den smilen
eg ævleg har gøymt
i mitt hjarta

Jan-Magnus Bruheim





DEN NORSKE KYRKJA
Nordfjord prostiråd
Prosten i Nordfjord
Pb 5, 6771 Nordfjordeid
e-post: Rolf.Schanke.Eikum@eid.kommune.no
Bankironr. Nordfjord prostiråd : 3790.30.25590

*Saman vil vi ære
den treeinige Gud
ved å
forkynne Kristus
byggje kyrkjelydar
fremje rettferd*



Sokneråda i Nordfjord
Kyrkjeleg tilsette i Nordfjord
Kyrkjefolket i Nordfjord

Nordfjord prostiråd og Prosten i Nordfjord innbyr til kyrkjedag på Eid kyrkjetun

Kyrkjedag for Nordfjord laurdag 17. oktober 2015 kl 10.40 - 16.35 **med utdeling av Frivilligprisen 2015**

Påmeldingsfrist:
12. oktober kl 12.00

Deltakaravgift kr 250 -
som vi reknar med sok-
neråd/fellesråd dekkjer



Påmelding til kyrkjedagen
går til kvart kyrkjekontor

Samla påmelding går så til
Eid kyrkjekontor:
kyrkjekontor@eid.kommune.no

Saman vil vi...Ja, kva vil vi..?

Hovudgjestar er biskop Halvor Nordhaug og stiftsdirektør Jan Ove Fjelltvett

Dagsprogram

tilpassa ferje:

Isane-Stårheim kl 0945, og Stårheim-Isane kl 1650.

Anda-Lote kl 1015 og Lote-Anda kl 1700. Oldeide - Måløy kl 0910 og Måløy- Oldeide kl 1735

- kl 10.40** Gudsteneste m/nattverd i Eid kyrkje, leia av prost Rolf Schanke Eikum og kantor Ralph Cupper
Predikant: Biskop Halvor Nordhaug
- kl 11.30** Velkomst og kaffi/te + rundstykke
- kl 11.50** Foredrag: *Saman vil vi...Ja, kva vil vi?* v/biskop og stiftsdirektør
- kl 13.10** Utdeling av Frivilligprisen 2014
- kl 13.30** Middag og kaffi/te + kake
- kl 14.30** Fellesseminar
1. Aktuelt v/ stiftsdirektør Jan Ove Fjelltvett - 30 min
 2. Bli kjend med ny salmebok. Vi syng og lærer litt om salmane - 30 min
 3. Pause - 15 min
 4. Aktuelt v/ biskop Halvor Nordhaug - 30 min
 5. Vi syng meir frå ny salmebok - 15 min
- kl 16.30** Felles avslutning - 16.35 Slutt

Velkomen!

Roald Halsør
leiar Nordfjord prostiråd

Rolf Schanke Eikum
Prost i Nordfjord

Første- klasser

Heilt Førsteklasses!

Onsdag og torsdag veka før skulestart fekk vi ta imot 45 flotte førsteklassingar til Førsteklasses-gudsteneste i kyrkjene våre. Til saman var over 180 store og små tilstades for å feire dei som no skal byrje på skulen.

Mange spente 1.klassingar dukka opp, med skulesekk på ryggen, og med stolte foreldre og besteforeldre som følge. På veg inn i kyrkja fekk dei gå på raud løpar, som seg hør og bør for viktige personar.

Dei fekk også ei gul stjerne rundt halsen, med påskrifta: Eg er Førsteklasses! Skapt av Gud og unik.

Å byrje på skulen er ein milepæl for alle barn, og som kyrkje vil vi vere med å markere det. Og som ved alle store markeringar, er det på sin plass med



På den raude løparen. Her ser vi ein av alle førsteklassingane i Indre Nordfjord i år; Felice Rudolph, som startar skulegongen sin på Tonning skule

ballongar og eit lite fyrverkeri! Ved fleire av gudstenestene var barnehagane tilstades for å ønske førsteklassingane lykke til på skulen. For skulestartarane handlar det å byrje på skulen, også om ein overgang frå å vere eldst i barnehagen, til å vere yngst på skulen.

På gudstenesta snakka vi om å glede seg, å grue seg, og om å få stole på at Gud er med oss i alle slags dagar, både når vi går i barnehagen, og når vi skal byrje på skulen.

I preika blei vi kjent med Bileam og eselet hans, og om velsigninga Bileam lyste over Israelsfolket. Vi fekk høyre at å velsigne nokon, er det same som å sende gode tankar og ha gode ønske for nokon. På same måten vil vi som kyrkje vere med å velsigne den nye epoken som skuleelev, og formidle at Jesus er med i sekken.

Til slutt kom alle førsteklassingane fram og fekk ei overrasking som var kjekk å ha med på skulen; viskelær! Saman song vi velsigninga over dei: «Må Gud velsigna deg. Må Gud velsigna deg. Kwart minutt av di tid, kvar ein dag av ditt liv. Må Gud velsigna deg!» Og med ranslane på ryggen, og med Guds velsigning over skulestarten, gjekk førsteklassingane ut i prosisjon mot eit nytt, spennande skuleår!





Slekt skal følge slekters gang



Or kyrkjebøkene

Stryn prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Innvik prestegjeld

Oppstryn

Vigde:

18/7 Andrea Krogh Berstad og
Odd Inge Hesjedal Thorkilsen

Døde:

12/8 Johan Fure f. 1942
12/8 Borghild Fure f. 1920

Nedstryn

Døpte:

21/6 Markus Dale Jacobsen.
For. Liv-Sissel Dale og Sindre Sørgård Jacobsen
21/6 Emma Victoria og Sarah Louise Kvamme Swedin Vinsrygg.
For. Magnus Johan Swedin Vinsrygg og Hilde Marie Kvamme
21/6 Eiril Kyrkjeeide. For. Charlotte Haukaas og Ingebrigt Kyrkjeeide
21/6 Albert Solheim. For. Hilde Dragset og Endre Cato Solheim
12/7 Tiril Rake Tønning.
For. Stine Katrin Rake og Asgeir Andre Tønning
26/7 Anna Sunde. For. Hilde Cecilie Smørdal og Øyvind Sunde
26/7 Adriane Øien Myrøld. For. Jan-nike Øien og Kenneth Myrøld
2/8 Odin August Raudi-Sætren. For. Monica Iren og Daniel Raudi-Sætren

Døde:

22/3 Arnold Opheim f. 1947
(var ført på Oppstryn sist)
26/5 Helga Oddbjørg Ladehaug f. 1924
4/6 Målfrid Kleppe f. 1927
28/6 Jan Ivar Vik f. 1973
29/6 Gunnvor Kolvik Roksvåg f. 1927
12/7 Odd Geir Bøe f. 1949
13/7 Magne Halstein Karstad f. 1917

Loen

Døpte:

28/6 Trym Leikanger Loen. For. Elisabeth Leikanger og Magnus Loen
28/6 Johannes Teige Kompalla. For. Anne Irene Teige og Kenneth

Kompalla

28/6 Jan Marius Fedt Botnen.
For. Siri Mari Fedt Botnen og Jan Arild Botnen

Vigde:

20/6 Bente Frøyland og Atle Håkon Lernes

Hornindal

Døpte:

24/5 Samuel Lukas Prøven Lien.
For. Susanne Johanne Prøven Tangen og Ola André Lien

Vigde:

25/7 Elisabeth Taraldset Flo og Frode Kyrkjebø
8/8 Glenn Rand og Helene Lingås Siglen
15/8 Siri Valheim og Marthin Johnsen Horne

Døde:

1/6 Oddlaug Skrede f. 1921
23/7 Olivia Kirkhorn f. 1923

Randabygd

Døpte:

25/7 Jakobia Skrede-Sølvberg.
For. Britt Irene Skrede og Frank-André Sølvberg
25/7 Lars Tvinnereim Ormhaug.
For. Silje Mørup Ormhaug og Håvard Tvinnereim

Vigde:

25/7 Hege Beate Hopland og Florin Vasile Nechita

Døde:

15/6 Hans Rand f. 1929

Nordsida

Døpte:

7/6 Hilmar Vikestad Dispen.
For. Siv-Carina Vikestad og Even Andreas Dispen
16/8 Nikoline Sølvberg Vinsrygg.
For. Marita Blø Sølvberg og Christian Vinsrygg

Døde:

2/6 Sigrun Agnes Roset Årøen f. 1939
8/7 Erik P. Ulvedal f. 1943

Olden

Døpte:

28/6 Jenny Malene Kvame-Eriksen.
For. Bente Helen Kvame og Torgeir Eriksen
28/6 Oskar Lossius By. For. Heidi Lossius By og Oddbjørn Vegard By
28/6 Noah Olsen Stubhaug.
For. Mari Andal Olsen og Kenneth Stubhaug
19/7 Theodor Solheim. For. Tamolwan Phong-sai og Oddvar Solheim
16/8 Nella Joyce Kvamme.
For. Lauren Aimeé Barnes og Odd Jarle Kvamme

Olden gamle kyrkje

Vigde:

6/6 Kari Fagerlid og Øystein Tvedt Magnussen

Døde:

26/2 John Arild Gytri f. 1962
(retting av fødselsår)
18/6 Philip Sunde f. 1988
19/6 Alma Ester Aabrekk f. 1926

Utvik

Døpte:

3/5 Hanne Lovise Gjerde Myrøld.
For. Janne Helen Gjerde og Frode Myrøld

Døde:

2/8 Håkon Hatlen f. 1916
5/8 Ingrid Verlo Tisthamar f. 1946

Innvik

Døpte:


2/4 Mikaela Gangeskar Tveneseter.
For. Sebastian Luis Gangeskar og Ingelinn Tveneseter (retting av namn)
14/5 Ådne Lyslo Sønderå.
For. Kristin Lyslo Sønderå og Andreas Sønderå
26/7 Eirik Lauvrak. For. Rannveig Hilde og Olav Lauvrak
9/8 Kent Olaf Andersen. For. Melinda Sørøy og Aage Kenneth Andersen

Døde:

17/7 Kjartan Sundal f. 1936

Vigde:

15/8 Barbro Hammer og John Bjørn Moen



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

13. september; 16. s i treeinings-tida – Matt 5, 10-12

- **Oppstryn 11:00** Gudsteneste. Ved Olav Sigurd Gundersen. Konfirmantjubiläum
- **Olden 11:00** Trusopplærings-gudsteneste. Ved Mari Saltkjel
- **Nesodden, Loen 16:00** Fri-luftsgudsteneste. Ved Olav Sigurd Gundersen

20. september; 17. s i treeinings-tida – Luk 7, 11-17

- **Nedstryn 11:00** Gudstene-ste. Ved Henny Koppen. NMS stemne. Predikant frå NMS er regionsleiar Greth Lunde. Kon-taktperson er Elin Ytrehorn.
- **Innvik 11:00** Gudsteneste. Ved Harald Runde
- **Randabygd 11:00** Gudstene-ste. Ved Mari Saltkjel. Presen-tasjon av konfirmantane
- **Hornindal 20:00** Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel. Presentasjon av konfirmantane. Tårnagentane vert med.

24. september; torsdag

- **Nedstryn 11:00** Knøttegudste-neste

27. september; 18. s i treeinings-tida – Matt 8, 5-13

- **Utvik 11:00** Gudsteneste. Ved Harald Runde. Presentasjon av konfirmantane og konfir-mantjubiläum
- **Nordsida 11:00** Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel. Presentasjon av konfirmantane

04. oktober; 19. s i treeinings-tida – Joh 7, 14-17

- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste.

Ved Henny Koppen

- **Olden 11:00** Gudsteneste.

Ved Harald Runde

- **Hornindal 11:00** Gudsteneste.

Ved Mari Saltkjel

05. oktober; måndag

- **Hornindal 09:30** Barneha-gegudsteneste. Markering av verdensbarnehagedagen. Ved Mari Saltkjel

11. oktober; 20. s i treeinings-tida – Mark 10, 2-9

- **Loen 11:00** Hausttakkefest. Ved Rolf Schanke Eikum. Pre-sentasjon av konfirmantane
- **Oppstryn 16:00** Hausttakke-fest. Ved Rolf Schanke Eikum
- **Ljosheim kapell 16:00** Haust-takkefest. Ved Olav Sigurd Gundersen

18. oktober; 21. s i treeinings-tida – Luk 16, 19-31

- **Nedstryn 11:00** Hausttakke-fest. Ved Olav Sigurd Gundersen
- **Utvik 11:00** Hausttakkefest. Ved Harald Runde
- **Randabygd 11:00** Haustakke-fest. Ved Mari Saltkjel
- **Nordsida 14:00** Haustakkefest. Ved Mari Saltkjel. Utdeling av 4 årsbok
- **Olden 16:00** Hausttakkefest. Ved Harald Runde. Utdeling av 4 årsbok

25. oktober; Bots- og bededag – Luk 18, 9-14

- **Innvik 11:00** Gudsteneste. Ved Harald Runde
- **Hornindal 11:00** Hausttakke-

fest. Ved Mari Saltkjel. Utdeling av 4 årsbok

01. november; Helgemessesøn-dag – Matt 5, 13-16

- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- **Olden 11:00** Gudsteneste. Ved Harald Runde
- **Nordsida 15:00** Lysmesse. Ved Mari Saltkjel
- **Hornindal 20:00** Lysmesse. Ved Mari Saltkjel

08. november; 24. s i treeinings-tida – Luk 12, 35-40

- **Oppstryn 11:00** Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- **Utvik 11:00** Gudsteneste. Ved Harald Runde
- **Nordsida 15:00** Gudsteneste. Ved Henny Koppen

15. november; 25. s i treeinings-tida – Matt 14, 22-34

- **Loen 11:00** Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- **Hornindal 11:00** Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel
- **Innvik 16:00** Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel
- **Nedstryn 19:00** Gudsteneste. Ved Henny Koppen

21. november; laurdag

- **Nordsida 13:00** Kyrkjelydsba-sar

22. november; Domssøndagen/ Kristi kongedag – Matt 25, 1-3

- **Olden 11:00** LysVakengud-steneste. Ved Harald Runde. Utdeling av biblar
- **Randabygd 11:00** Gudstene-ste. Ved Mari Saltkjel

Vi gler oss til festhelg for store og små!

Kyrkja inviterer til kjempefest i Indre Nordfjord.

Det vert familiefest, ungdomssamling og festgudsteneste laurdag den 12. og søndag 13. september.

Familiefest med RockeRuben!

Vi startar festhelga med ein familiefest i kulturhuset. Vi startar med show med RockeRuben. Han er tidenes energibombe!

RockeRuben driv med alt som er Bråkete, Farleg og Gøy... Med fengande musikk, kule triks, trommesoloar, farlege stunts og ein generell leiken innstilling til livet står RockeRuben klar til å ta deg med STORM! Men det er ikkje berre RockeRuben som får vere med på fest. Det blir ingen fest med berre RockeRuben.

Derfor er DU invitert til å være med! På festen vil vi vise fram litt av alt det kjekke som skjer i trusopplæringa. Vi vil ha med

deg som har vore på LysVaken eller tårnagent, du som syng i kor, går på speidaren, har vore på 5-årsklubben, er ein del av heilt førsteklassesgjengen, eller som går på babysong. Ja, kort sagt alle som er mellom 0-18 år eller som er foreldre, fadrar og besteforeldre til ein som er det. I tillegg til kjekt program vert det lodd og mykje god mat.

Ungdomssamling på Betania

Etter familiefesten fortset ungdomane med ein eigen fest på Betania. Der vert det meir mat, ulike aktivitetar og ikkje minst, besøk av Ruben Gazki som kallar seg svindlar med stil. Ruben Gazki er landets einaste verkelege svind-

lar med stil... Og ein svært allsidig entertainer!

Festgudsteneste

Søndag vert det stor festgudsteneste for heile storfamilien i Olden kyrkje. Vi ynskjer å bruke søndagen til å takke Gud for alle som er med i borne og ungdomsarbeidet, og alt Han gjer for oss. Ruben Gazki vert med på gudstenesta, det blir song og godt fellesskap.

Vi håpar å sjå folk frå heile Indre Nordfjord også her.

Alle frivillige leiarar i barne og ungdomsarbeidet er spesielt velkomne.

Vi gler oss til denne helga og håpar å sjå deg!

HJELP, HJELP !!! - kven treng HJELP ???

Ei rovergruppe av speidarar (over 16 år) har veldig lyst til å reise på speidarleir i Mexico i desember 2015.

Det kostar ein del og desse flinke, kjekke, kraftige roverane vil gjerne gjere ein innsats. Kven har mulegheit og lyst til å støtte dei? Dei kan male, klippe plen, passe barn, vaske hus og m.m.

Gje gjerne snarast beskjed til:

Emilie Sætre

941 35 994

Victoria Auflem

905 13 820

June Nedreberg Holmøy

480 60 447

Henriette Hogrenning

992 95 859

Catrine S. Breidablik

940 38 202

Emma Nygaard Sætren

482 09 017

David Fridtun

902 67 612

Elisabeth Tunold

477 01 110



På bilda ser de Rolf Olav Gjorven, Erikk Lund og Sigridd Bøe, i bakgrunnen Viktoria Tonning Auflem som tar ansvar for vakt og krossbygging på landsleir.





B

 Fulldistribusjon

Trusopplæringsplan hausten 2015

Kva skjer	Dato og stad
Heilt førsteklasses-gudsteneste	12.08 Nedstryn, 13.08 Hornindal og Olden
Presentasjonsgudstenester	Sjå gudstenesteplan
Førsteklassesklubb	02.09 Nordsida 09.09 Innvik og Hornindal
Festhelg for store og små	12-13.09
Temakveld for småbarnsforeldre	23.09 Betania
Knøttegudsteneste	24.09 Nedstryn
Sjørøverfest for alle 4 åringer	05.10 Randabygd 06.10 Utvik
Haustakkefest med utdeling av 4årsbok	11.10 Ljosheim, Loen og Oppstryn 18.10 Utvik, Randabygd, Nordsida, Olden og Nedstryn 25.10 Hornindal
Konfirmant og foreldremøte	21.10 Stryn
Småbarnsong	17.11 Innvik
Nattcup for konfirantar	20.11 Måløy
Lys Vaken	22.11 Olden 29.11 Nedstryn og Nordsida

Babysong

Torsdagar
kl 10.30
i Betania



Følg kyrkjene i Indre Nordfjord på
facebook.com/strynkyrkja

KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten rundt 19. november. Redaktør vert Olav R. Faleide.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 17. oktober.